

Årsrapport Holmely året 2020

Holmely omsorg og retreat er ein del av Normisjon sitt arbeid i Nordfjord. Vi har no hatt verksemd i over 25 år. I vedtektene våre står det at vi har som formål å føre menneske inn i eit nært fellesskap med Jesus Kristus gjennom tilbod om sjelesorg, samtaler, forbøn og skriftemål. Gjennom dette arbeidet ønskjer Holmely å få vise Jesu omsorg for heile mennesket og få vise vegen til kjeldene for det nære livet med Gud. Vidare står det under målsettinga vår at all aktivitet på Holmely må skje i ei ramme av ro, tid og tryggleik der den enkelte gjest vert sett og høyrte av tilsette og frivillige medarbeidarar.

Vi ønskjer å møte menneske der dei er i livet, gjennom livet sine opp – og nedturar. Dette ønskjer vi å leggje til rette for både gjennom gjestfriheit, fellesskap, samtaler, forbøn og ein enkel prat over ein kaffikopp. Her kan menneske kome å få påfyll for ande, sjel og kropp gjennom ulike arrangement og opphald. Vi ønskjer å leggje til rette for stilla der Gud kan møte oss; gjennom både stille måltid, faste bønnetider, bibelmeditasjon, samtaler, forbøn og fellesskap. Mange uttrykker at naturen kring staden òg er med på å leggje til rette for møter med seg sjølv og Gud. Så er det òg kjekt å høyre at feriegjestar, som nyttar seg av sommar-bookinga vår, opplever fred og stille på denne staden. All takk og ære til Gud, forbedarar og gode medhjelparar!

I året som har gått har vi blitt godt kjende med ord og begrep som smittevernregler, kohort, handhygiene, desinfisering, nærkontaktar, 1 meters regel, handsprit, avstand og ikkje minst dråpesmitte. Covid 19 har prega store deler av 2020! 12.november fekk òg Fjordly og Holmely erfare smitte på eit arrangement, trass oppretthalden av gode smittevernregler.

Eit svært positivt løft, trass eit krevjande år, er at vi har fått ferdig stilt eit etterlengta overbygg på baksida av huset! Terje Holme har vore primus motor for dette prosjektet og har hatt med seg nokre gode hjelparar undervegs! Spesielt takk til Terje for utalege dugnadstimar og veker!!! Endeleg kan gjester gå tørrskodd til romma 7 til 12.

Helgearrangement:

Året starta med ny giv, forventning og glede over arbeidet! **24.-26. januar** hadde vi retreat med tema frå Jesaja 57:15 «*I det høge og heilage og hos den som er knust og nedbøygde i ånda*» Jan Gudmund Skrivervik og dagleg leiar hadde ansvar. Nye hjelparar på kjøkkenet, Arne og Beate Karlsen Flø, fornøgdde deltakarar og ei fredfull helg! **13. – 15.mars** skulle vi ha retreaten «*Korsets kraft*» med Geir Otto Holmås. Fulle hus! Så braka det laus og samfunnet blei stengt ned. Helga blei avlyst rett før og flytta til november. «*I sjelesorg hos Jesus*» med Kari Holmås **30.april – 03.mai** og «*I Guds omsorg*» med Kurt Hjemdal 05.-07.juni måtte avlysast og blei flytta til 2021.

Hausten starta opp med retreatar med maks antal gjestar og strenge smittevernreglar. *Keltisk retreat* **14.-17.august** med Brit L Hilde, Alfild Ødegård og Jan Løkkeborg. Full retreat og fredfulle dagar! Sigrun Berge Raae og dagleg leiar på kjøkkenet. **08.-11.oktober**, temaretreat med Marit og Audun Aase «*For hos deg er livsens kjelde*» Full retreat, installasjon og gode refleksjonar. Brit H Stavseth og dagleg leiar på kjøkkenet. **26.-29. november** skulle vi på nytt ha retreaten «*Korsets kraft*» På grunn av smitteutbrotet måtte retreaten avlysast nok ein gong. 3 av 7 planlagde helgearrangement blei gjennomførte i 2020.

Dagsarrangement:

I fleire år har vi hatt faste **BØN OG LOVSONGSKVELDAR**. Her kjem folk frå heile fjorden. Eit viktig fellesskap for fleire. To samlingar i semesteret samarbeider vi med Fjordly. Vi fekk gjennomført samlinga i januar og februar før ned stenginga i mars. I juni hadde vi samling ute på terrassen. Vi starta opp igjen i august med avstandar, påmelding og namnelister. Fine og nære samlingar, trass

restriksjonar! Gjennomførte hausten til og med 12.november. 12.november hadde vi samarbeid med Fjordly og flytta samlinga til Fjordly sine lokalar, grunna mange påmeldte. 7 av 11 Bøn og lovsongs-samlingar blei gjennomført i 2020.

I fleire år har vi arrangert **SONGKVELDAR** med Harry Andersen. Dette er eit godt og viktig fellesskap for mange i bygdene våre. I 2020 hadde vi òg fått med andre aktørar! Harry Andersen **11.februar** og Harry og Harald Svoren **15. september**, Eva og Hans Gjesdal **1. oktober**. I haust-semesteret leigde vi Fjordly og følgde gode smittevernregler. Godt oppmøte og fine kveldar. Samlinga med Harry Andersen 28.april og Ove og Kari Laila Aksnes 17.november blei avlyst. Vi fekk gjennomført 3 av 5 songkveldar dette året.

28.mars hadde vi sett opp **inspirasjonsdag** med Rolf Kjøde. Denne blei avlyst før korona, grunna krasj med regionen sitt årsmøte.

Nytt frå hausten 2020 var **«BIBEL OG KAFFI»** Desse kveldane kom vi saman for å lese i Bibelen, dele med kvarandre og ta opp ulike tema. John-Olav Hoddevik underviste på begge samlingane, 24.sept og 29.okt. Positiv tilbakemelding!!

Bønearbeid:

Kvar fredag (utanom skoleferiane) har vi **Bønelunsj kl 11.30 – 12.30** i loftstova i samarbeid med Fjordly. Vi fortset med bøn i kapellet eller bønehytta. Vi er ein gjeng på 4- 10 som møtast kvar veke. Dette har vi prøvd å halde ved like, med nokre vekers avbrekk under ned stenginga på vårparten og etter smitteutbrotet i november.

Holmely-grupper på Eid, i Stryn og på Stadt møttest jamleg til fellesskap, deling frå Guds ord, kollekt og bøn for arbeidet. Desse samlingane har det blitt færre av dette året, grunna restriksjonar. I tillegg har vi ein **indre bønne-ring** med over 30 forbedarar, som får e-post eller brev, med konkrete bønnebehov og som bed jamt og trutt for arbeidet på holmen.

Andre typar arrangement:

Holmely har, som tidlegare år, hatt ein gjensidig avtale om leige ved behov mellom Fjordly, Acta og Holmely. Romma på Holmely var utleidd til fleire leirar og arrangement. Det meste blei avlyst. Enkeltpersonar og grupper har leigd Holmely for overnatting og opphald, bursdagsfeiringar og egne stille dagar. Vi har hatt jamlege styremøte gjennom året og ein stabsdag i august.

Sommar booking:

Dei siste åra har vi hatt god inntekt på utleige av rom med frukost nokre veker på sommaren. Sommaren 2020 hadde vi 4 booking-veker frå **veke 29 – 32**. Vi hadde ei inntekt på ca. 180.000,-! Holmelystyret hadde hovudansvaret og hadde med seg frivillige hjelparar! Ei viktig inntektskjelde!!

Økonomi:

Trass mange avlyste arrangement, store utgifter på overbygg og anna vedlikehald, har vi kome godt gjennom 2020 økonomisk! Ulike faktorar spelar inn:

Dagleg leiar var permittert i 4 månader, frå april til august, og jobba 20%. Ein god inntekts-sommar, med fleire gjestedøgn enn tidlegare somrar. Ei stor og auka gjevarglede (!) blant faste og nye gjevarar. Kreative innspel som facebook-innsamling på 35.000,- og kompensasjonsordning for tapte inntekter på over 70.000,-

Vi har eit overskot på 470.000,- i utgongen av 2020. Da er avskrivning på 180.000,- med i berekningane.

Personalet:

Eva S. Langseth kom tilbake 01.01.20 i stillinga som dagleg leiar etter utvida barselpermisjon. Stillingsprosent 80.

Aud H Nordpoll vaskeriet, timebasis.

Frivillig innsats og engasjement:

Dagleg leiar og styret er djupt takksame for alle timane som blir lagt ned av frivillig innsats på Holmely; både under arrangement, på dugnader og i det daglege arbeidet. Dagleg leiar er òg djupt takksam til Holmelystyret som står med i arbeidet, kjem med gode innspel, driv dugnad og vedlikehald, hjelper til på arrangement og bær booking – ansvaret saman med andre frivillige.

Styret:


Jan Gudmund Skrivervik	styreleier
Solveig Gjørven	styremedlem
Liv Torvanger	styremedlem
Frode Kvalheim	styremedlem
Eva S. Langseth	dagleg leiar

Takk: Styret vil gjerne takke alle som også dette året har støtta Holmely. Mange har gjennom gåver, praktisk arbeid og tenester gjort ein stor innsats! Ikkje minst vil vi takke alle som har stått med oss i bøn i eit krevjande år! Vi vil òg takke for godt samarbeid med Fjordly og med regionen. Det er viktig og godt å stå saman i Normisjon sitt arbeid!


«Og når dagen en gang kommer. Da skal jeg ditt ansikt se. Jeg vil juble for din frelse. For ditt blod rant i mitt sted. Du er håpet for min framtid. Du er målet for min vei. Dine engler skal meg bære. Til en evighet med deg //: For så langt har Du vært med meg. Fortsatt vil Du være der. Aldri går Du fra min side. Du vil alltid være nær.»
Norsk omsetting av engelsk salme skreve i 1757

Bryggja 24/03 -21


I styret for Holmely Omsorg og Retreat




Jan Gudmund Skrivervik
Styreleiar



Eva S. Langseth
Dagleg leiar



Solveig Gjørven
Styremedlem



Liv Torvanger
Styremedlem



Frode Kvalheim
Styremedlem

Årsregnskap for 2020

**Holmely Omsorg og Retreat
6821 SANDANE**

Innhold:

Resultatregnskap

Balanse

Noter

Utarbeidet av:
Nord-Vest Rekneskap As
Sjøgata 4
6770 NORDFJORDEID
Org.nr. 920679919

Utarbeidet med:
Total Årsoppgjør

Resultatregnskap for 2020

Holmely Omsorg og Retreat

	Note	2020	2019
Salgsinntekt		1 345 629	807 991
Annen driftsinntekt		65 497	25 964
Sum driftsinntekter		1 411 126	833 956
Varekostnad		(28 252)	(35 859)
Lønnskostnad	2	(382 474)	(614 790)
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	(180 000)	(180 000)
Annen driftskostnad		(347 870)	(252 264)
Sum driftskostnader		(938 596)	(1 082 913)
Driftsresultat		472 530	(248 957)
Annen renteinntekt		16	558
Sum finansinntekter		16	558
Annen rentekostnad		(2 517)	(2 987)
Sum finanskostnader		(2 517)	(2 987)
Netto finans		(2 500)	(2 429)
Ordinært resultat før skattekostnad		470 029	(251 386)
Ordinært resultat		470 029	(251 386)
Årsresultat		470 029	(251 386)
Overføringer			
Annen egenkapital		470 029	(251 386)
Sum		470 029	(251 386)

Balanse pr. 31. desember 2020


Holmely Omsorg og Retreat

	Note	2020	2019
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	1 228 000	1 408 000
Sum varige driftsmidler		1 228 000	1 408 000
Finansielle anleggsmidler			
Innskuddsfond OTP DnbLiv		21 029	0
Sum finansielle anleggsmidler		21 029	0
Sum anleggsmidler		1 249 029	1 408 000
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		7 000	5 700
Sum varer		7 000	5 700
Fordringer			
Kundefordringer	4	9 600	16 850
Andre fordringer	4	15 577	13 746
Sum fordringer		25 177	30 596
Bankinnskudd, kontanter og lignende		673 617	(89 520)
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		673 617	(89 520)
Sum omløpsmidler		705 794	(53 224)
Sum eiendeler		1 954 823	1 354 776


Balanse pr. 31. desember 2020
Holmely Omsorg og Retreat


	Note	2020	2019
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		1 360 450	890 420
Sum opptjent egenkapital		1 360 450	890 420
Sum egenkapital		1 360 450	890 420
Gjeld			
Annen langsiktig gjeld			
Sammenslått lån Regionen		374 851	408 931
Sum annen langsiktig gjeld		374 851	408 931
Sum langsiktig gjeld		374 851	408 931
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		13 272	9 580
Kortsiktig konserngjeld		200 000	45 844
Annen kortsiktig gjeld		6 250	0
Sum kortsiktig gjeld		219 522	55 424
Sum gjeld		594 373	464 355
Sum egenkapital og gjeld		1 954 823	1 354 776


Sandane 16.02.2021


 Jan Gudmund Skrivervik
 Styreleder


 Solveig A. Gjørven
 Styremedlem


 Liv Torvanger
 Styremedlem


 Frode Kvalheim
 Styremedlem


 Eva S. Langseth
 Dagleg leiar

Kontospesifisert årsregnskap Holmely Omsorg og Retreat

Foreløpig Endring 2020 2019

Kontospesifisert årsregnskap er basert på regnskapslovens bestemmelser.

3000	Matsalg egne avg.pl 25%	(19 710,00)		(19 710,00)	(45 554,40)
3001	Matsalg eksterne avg.pl 25%	(25 500,00)		(25 500,00)	(12 960,01)
3030	Matsalg avg.pl middels sats	0,00		0,00	(104,35)
3050	Overnatting interne avg.pl lav sats	(29 209,09)		(29 209,09)	(70 491,05)
3051	Overnatting eksterne avg.pl lav sats	(181 490,41)		(181 490,41)	(123 437,52)
3090	Diverse varer avg.pl 25%	(6 305,40)		(6 305,40)	(29 312,00)
3202	Kursavgift Holemly u/avg.omr	(11 150,00)		(11 150,00)	(36 150,00)
3300	Ekstragåve u/avg.omr	(1 250,00)		(1 250,00)	0,00
3315	Foreningsgaver u/avg.omr	(12 025,00)		(12 025,00)	(26 590,00)
3320	Kirkeoffer u/avg.omr	(7 725,75)		(7 725,75)	(16 346,98)
3340	Kollekter u/avg.omr	(16 844,12)		(16 844,12)	(14 582,00)
3350	Andre gaver u/avg.omr	(1 029 768,49)		(1 029 768,49)	(427 313,06)
3385	Lotterier u/avg.omr	(4 651,00)		(4 651,00)	(5 150,00)
	Salgsinntekt	(1 345 629,26)	0,00	(1 345 629,26)	(807 991,37)
3410	Tilskudd kompensasjon	(73 532,00)		(73 532,00)	0,00
3490	Tilskot Kristelig studieforb u/avg.omr	(5 565,00)		(5 565,00)	(7 900,00)
3600	Utleige av møterom/lokaler avg.pl	0,00		0,00	(4 464,29)
3950	Periodiserte inntekter u/avg.omr	13 600,00		13 600,00	(13 600,00)
	Annen driftsinntekt	(65 497,00)	0,00	(65 497,00)	(25 964,29)
	Sum driftsinntekter			(1 411 126,26)	(833 955,66)
4300	Innkjøp av varer for videresalg	631,75		631,75	470,52
4330	Varekjøp mat middels sats	28 917,75		28 917,75	37 373,52
4370	Innkjøpsprisreduksjon	2,40		2,40	0,00
4390	Beholdningsendring	(1 300,00)		(1 300,00)	(2 057,65)
4400	Varekjøp/emballasje frttatt for mva	0,00		0,00	73,00
	Varekostnad	28 251,90	0,00	28 251,90	35 859,39
5000	Lønn til ansatte	252 385,33		252 385,33	383 801,46
5030	Sjukelønn	31 973,00		31 973,00	0,00
5092	Feriepenger	34 123,24		34 123,24	46 471,22
5250	Fordel forsikringar i arbeidsforhold	0,00		0,00	971,50
5255	Personalgaranti	0,00		0,00	360,00
5310	Gruppelivsforsikring	1 769,01		1 769,01	1 630,50
5320	Annen personalforsikring	3 400,95		3 400,95	0,00
5400	Arbeidsgiveravgift	33 917,72		33 917,72	40 682,94
5405	Arb.giv.avg av pål. feriepenger	3 617,32		3 617,32	4 925,95
5420	Innberetningspliktig pensjonskostnad RF-...	38 065,11		38 065,11	119 615,68
5425	Regulering OTP fond	(13 901,46)		(13 901,46)	0,00
5920	Yrkesskadeforsikring	812,04		812,04	657,00
5930	Uførekapital	0,00		0,00	2 210,00
5950	Obligatorisk tjenestepensjon (OTP) Lønn ...	35 620,00		35 620,00	0,00
5951	Obligatorisk tjenestepensjon, trekk ansatte	(3 687,80)		(3 687,80)	0,00
5953	Motkonto Innberetning OTP/AFP Lønn	(35 620,00)		(35 620,00)	0,00

	Foreløpig		Endring	2020	2019
5990 Annen personalkostnad	0,00			0,00	1 963,58
5991 Kurs og opplæring	0,00			0,00	11 500,00
Lønnskostnad	382 474,46		0,00	382 474,46	614 789,83
6000 Avskrivning på bygninger og annen fast e...	120 000,00	T1	(120 000,00)		
		S1	180 000,00	180 000,00	180 000,00
Avskrivning på driftsmidler og immateriell ...	120 000,00		60 000,00	180 000,00	180 000,00
6300 Leie lokale	1 226,42			1 226,42	0,00
6320 Renovasjon, vann, avløp o.l.	7 317,13			7 317,13	10 808,80
6340 Lys, varme	55 010,48			55 010,48	54 383,42
6360 Renhold	4 495,40			4 495,40	2 328,74
6365 Skadedyravtale	4 959,25			4 959,25	4 819,00
6390 Annen kostnad lokaler	5 323,00			5 323,00	0,00
6420 Outsourcing EDB	598,00			598,00	0,00
6450 Leige IT-WEB faktura	0,00			0,00	12 674,20
6540 Inventar	0,00			0,00	5 178,50
6550 Driftsmateriale	640,24			640,24	3 731,01
6554 Programvare/data utland	2 790,00			2 790,00	0,00
6560 Rekvisita	2 930,30			2 930,30	741,55
6570 Arbeidsklær og verneutstyr	1 910,40			1 910,40	0,00
6590 Annet driftsmateriale	562,88			562,88	0,00
6600 Reparasjon og vedlikehold bygninger	96 106,80			96 106,80	4 991,00
6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr	11 036,00			11 036,00	1 748,80
6690 Reparasjon og vedlikehold annet	0,00			0,00	12 001,28
6700 Revisjonshonorar	0,00			0,00	18 000,00
6705 Regnskapshonorar	52 052,49	T1	6 250,00	58 302,49	45 870,20
6720 Honorar for økonomisk og juridisk bistand	0,00			0,00	1 684,00
6790 Annen fremmed tjeneste	4 154,00			4 154,00	15 960,68
6791 Bookingteneste utland	5 715,00			5 715,00	0,00
6800 Kontorrekvisita	5 147,20			5 147,20	5 760,76
6810 Datalisensar/transaksjonar rekneskap	4 843,35			4 843,35	0,00
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	480,00			480,00	1 215,00
6860 Møte, kurs, oppdatering mv	0,00			0,00	1 832,00
6907 Internett/Fiber	7 500,00			7 500,00	0,00
6940 Porto	3 170,40			3 170,40	552,00
7140 Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	6 455,00			6 455,00	7 746,77
7141 Reisekostnader lav sats	3 200,00			3 200,00	1 800,00
7210 Provisjonskostnad utland, Booking.com	15 120,00			15 120,00	0,00
7320 Reklamekostnad	2 500,00			2 500,00	1 340,00
7400 Kontingent, fradragsberettiget	0,00			0,00	1 100,00
7420 Gave, fradragsberettiget	225,00			225,00	0,00
7500 Forsikringspremie	28 256,00			28 256,00	26 081,00
7730 Arrangement	0,00			0,00	3 218,58
7740 Øresavrunding	(1,36)			(1,36)	2,96
7770 Bank- og kortgebyr	627,60			627,60	5 878,46
7771 Gebyr izettle/vipps	4 746,22			4 746,22	0,00
7775 Inkassokostander	380,00			380,00	0,00
7790 Annen kostnad	2 142,83			2 142,83	815,00
Annen driftskostnad	341 620,03		6 250,00	347 870,03	252 263,71

	Foreløpig	Endring	2020	2019
Sum driftskostnader			938 596,39	1 082 912,93
Driftsresultat			(472 529,87)	248 957,27
8051 Renteinntekter bank	(16,16)		(16,16)	(558,00)
Annen renteinntekt	(16,16)	0,00	(16,16)	(558,00)
Sum finansinntekter			(16,16)	(558,00)
8151 Renter/provisjon bank	2 090,46		2 090,46	2 913,37
8155 Rentekostnad leverandører	426,08		426,08	73,54
Annen rentekostnad	2 516,54	0,00	2 516,54	2 986,91
Sum finanskostnader			2 516,54	2 986,91
Netto finans			2 500,38	2 428,91
Ordinært resultat før skattekostnad			(470 029,49)	251 386,18
Ordinært resultat			(470 029,49)	251 386,18
Årsresultat			(470 029,49)	251 386,18
8960 Overføringer annen egenkapital	0,00 S3	470 029,49	470 029,49	(251 386,18)
Annen egenkapital	0,00	470 029,49	470 029,49	(251 386,18)
Sum			470 029,49	(251 386,18)

Kontospesifisert årsregnskap Holmely Omsorg og Retreat

Foreløpig Endring 2020 2019

Kontospesifisert årsregnskap er basert på regnskapslovens bestemmelser.

1100	Bygninger	256 000,00	S1	(41 000,00)	215 000,00	256 000,00
1101	Nybygg Byggetrinn 3	1 152 000,00	S1	(139 000,00)	1 013 000,00	1 152 000,00
	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	1 408 000,00		(180 000,00)	1 228 000,00	1 408 000,00
1299	Kalkulerte avskrivningar	(120 000,00)	T1	120 000,00	0,00	0,00
	Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormas ...	(120 000,00)		120 000,00		
	Sum varige driftsmidler				1 228 000,00	1 408 000,00
1393	Innskuddsfond OTP DnbLiv	21 029,27			21 029,27	0,00
	Innskuddsfond OTP DnbLiv	21 029,27		0,00	21 029,27	
	Sum finansielle anleggsmidler				21 029,27	
	Sum anleggsmidler				1 249 029,27	1 408 000,00
1460	Beholdning matvarer	7 000,00			7 000,00	5 700,00
	Varer	7 000,00		0,00	7 000,00	5 700,00
	Sum varer				7 000,00	5 700,00
1500	Kundefordringer eksklusive på selskap i s...	0,00			0,00	3 250,00
1530	Opptjent, ikke fakturert driftsinntekt	9 600,00			9 600,00	13 600,00
	Kundefordringer	9 600,00		0,00	9 600,00	16 850,00
1743	Forskuddsbet forsikring	0,00			0,00	2 853,17
1750	Forskuddsbetalte kostnader	4 629,17			4 629,17	4 538,42
2740	Oppgjørskonto merverdiavgift	10 948,00			10 948,00	6 354,00
	Andre fordringer	15 577,17		0,00	15 577,17	13 745,59
	Sum fordringer				25 177,17	30 595,59
1900	Kontanter Holmely NOK	1 630,00			1 630,00	7 855,00
1920	Driftskonto 3000.14.72204	654 496,57			654 496,57	(97 952,71)
1941	Bank 3710.11.86777 SFJ	17 490,00			17 490,00	577,71
	Bankinnskudd, kontanter og lignende	673 616,57		0,00	673 616,57	(89 520,00)
	Sum bankinnskudd, kontanter og lignende				673 616,57	(89 520,00)
	Sum omløpsmidler				705 793,74	(53 224,41)
	Sum eiendeler				1 954 823,01	1 354 775,59

Kontospesifisert årsregnskap Holmely Omsorg og Retreat

Foreløpig Endring 2020 2019

Kontospesifisert årsregnskap er basert på regnskapslovens bestemmelser.

2050	Annen egenkapital Holmely	(890 420,15) S3	(470 029,49)	(1 360 449,64)	(890 420,15)
	Annen egenkapital	(890 420,15)	(470 029,49)	(1 360 449,64)	(890 420,15)
	Sum opptjent egenkapital			(1 360 449,64)	(890 420,15)
	Sum egenkapital			(1 360 449,64)	(890 420,15)
2270	Sammenslått Lån Regionen	(374 851,20)		(374 851,20)	(408 931,20)
	Sammenslått lån Regionen	(374 851,20)	0,00	(374 851,20)	(408 931,20)
	Sum annen langsiktig gjeld			(374 851,20)	(408 931,20)
	Sum langsiktig gjeld			(374 851,20)	(408 931,20)
2400	Leverandørgjeld	(17 428,83)		(17 428,83)	(9 579,77)
2460	Leverandørgjeld til selskap i samme kons...	4 156,66		4 156,66	0,00
	Leverandørgjeld	(13 272,17)	0,00	(13 272,17)	(9 579,77)
2921	Gjeld Regionen Cash-kreditt-ordning	(200 000,00)		(200 000,00)	0,00
2972	Mellomrekning lønn Regionen	0,00		0,00	(45 844,47)
	Kortsiktig konserngjeld	(200 000,00)	0,00	(200 000,00)	(45 844,47)
2960	Påløpt kostnad og forskuddsbetalt inntekt	0,00 T1	(6 250,00)	(6 250,00)	0,00
	Annen kortsiktig gjeld	0,00	(6 250,00)	(6 250,00)	
	Sum kortsiktig gjeld			(219 522,17)	(55 424,24)
	Sum gjeld			(594 373,37)	(464 355,44)
	Sum egenkapital og gjeld			(1 954 823,01)	(1 354 775,59)